

Tiltak for næringslivet under koronakrisa

Sogn regionråd meiner at dei mange tiltaka som er sett i gang i samband med covid-19-pandemien har vore til god hjelp, men koronakrisa i næringslivet er fortsatt svært alvorleg. Utsiktene framover er dystre og det er venta at krisa vil vare til 2023-2024.

Det må leggjast til rette for kortsiktige og langsiktige tiltak for å avhjelpe situasjonen og for å sette fart i lokalt næringsliv dei neste åra. Tiltak som vil avhjelpe situasjonen for mange bedrifter er desse:

- Ei halvering av meirverdiavgifta frå 12 prosent til 6 prosent og utsett betaling ut 2021
- Utsett betalingstid frå 3 til 6 år på statsgaranterte lån
- Utvida permitteringsperioden frå 26 til 52 veker slik regjeringa foreslår for å unngå oppseiingar

Reiselivsnæringa er ei stor næring i vår region og er hardt ramma av covid-19-pandemien. På heile Vestland er det om lag 40 000 tilsette i reiselivsnæringa, no kjempar dei for sin eksistens. For reiselivet vil det i tillegg til tiltaka som alt er nemnt vera viktig å innføra desse tiltaka:

- Annonsera opning av konferansemarknaden for inntil 500 personar
- Auka statlege bidrag til marknadsføring av Norge som reisemål i utlandet og i eige land

I vår region er det mange bedrifter som fell mellom to stolar i ordningane frå staten. For at kompensasjonsstøtta skal hjelpe fleire bør den endrast slik:

- Utvida ordninga for sesongbedrifter som driv «heilt eller delvis utandørs» til å omfatta alle sesongbaserte bedrifter og slik fanga opp heile reiselivet, som overnatting, servering og attraksjonar.
- Inkludera ikkje skattepliktig verksemder i ordninga som t.d. opplevingssenter, museum og attraksjonar
- Redusera omsetningskravet frå 80 prosent til 75 prosent i perioden

Sogn regionråd ber om at ordningane vert utvida slik at fleire bedrifter kjem inn under tiltaka. Det vil ta tid å kome tilbake til normalsituasjonen, dette gjeld fleire bransjar i vår region. Sogn regionråd oppmodar om at det vert sett inn tiltak både på kort og lang sikt for å hjelpe bedriftene gjennom krisa vi er inne i.

Vidare oppmodar vi til at ein følger med på situasjonen i reiselivet og anna næringsliv frå hausten 2020 og vidare gjennom 2021 og eventuelt også inn mot 2022 i forhold til behovet for forlenging og utviding av ordningane eller innføring av nye hjelpetiltak.

Med helsing

Ivar Kvalen
leiar Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift